

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

for

barnehagane i Luster kommune



Mål:
**å skape eit miljø i barnehagen der mobbing og andre krenkingar
ikkje blir tolerert.**

INNLEIING:

Born har rett til omsorg. Alle vaksne har plikt til å gjera det dei kan for at mobbing ikkje skal oppstå. Primært skal vi forebygge, sekundert gripe inn så tidleg som mogeleg. For å forebygge mobbing, skal barnehagen jobbe aktivt for å gje born under opplæringspliktig alder gode forutsetnader for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med heimen. Barnehagen skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar og gje ei etisk oppdraging i samarbeid med foreldra. Miljøet i barnehagen skal analyserast jamnleg og tiltak skal setjast i gang dersom mobbing blir påvist.

Mobbing som tema og barnehagen sitt arbeid med dette, bør inngå i barnehagen sin årsplan. Handlingsplanen mot mobbing skal være forebyggjande, avdekjande og foreslå tiltak som skal setjast i verk, om mobbing blir oppdaga.

Barnehagelova §2, tredje ledd slår fast at omsorg, oppdraging og læring i barnehagen, skal fremje menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling. Barnehagen skal gje born moglegheit for lek, livsutfalding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar, i trygge og samtidig utfordrande omgjevnader.

Forskrifta **rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver** utdjupar personalet sitt ansvar for born sitt omsorgs- og læringsmiljø, og for å fremje positive handlingar som motvirkar avvising, mobbing og vald. Barnehagen skal vera et miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar møtast i respekt for det som er ulikt.
(frå manifest mot mobbing)

KVA ER MOBBING?

Mobbing er når ein person eller gruppe gjentekne gonger, og over tid plager og trakasserer eit offer, og det er et skeivt makttilhøve mellom den som mobbar og den som blir mobba..

Mobbinga kan arte seg som fysisk plaging, truslar eller som erting, håning, negativ omtale/ tiltale, utestenging og ignorering når dette skjer gjentekne gonger og over tid.

Vi snakkar ikkje om mobbing ved tilfeldig erting, konflikhtar, enkelttilfelle av slåssing og utestenging, som når for eksempel born blir sinte på kvarandre, tek leiker fra kvarandre eller vert rasande for eit eller anna.

Mobbing i barnehagen kan stoppast ved aktivt deltakande vaksne, som er merksame på born sin trivnad og samhandling.

MÅL FOR BARNEHAGEN SITT ARBEID

- Skape eit barnehagemiljø med nulltoleranse for mobbing både blant born og vaksne.
- Auke personalet sin kunnskap om forebygging og handtering av mobbing i barnehagen.
- Få til eit samarbeid med foreldra vedkomande mobbing.

DELMÅL

- Skape eit miljø der born og vaksne skal møtast med varme, anerkjenning og oppmuntring, og få oppleve seg sjølve som verdfulle.
- Vi ynskjer at alle skal respektera kvarandre for den ein er.
- Alle born skal ha vener og nokon å leike med.
- Alle skal oppleve glede ved å vera i barnehagen.
- Vi ynskjer å styrke den positive sjølvkjensla og gjera borna rusta til å møte verda.
- Personalet skal bli medvitne sitt ansvar om å forebygge og slå ned på mobbing.

Varsellampar (fra SinnetsHelse.no)

-Barnet kvir seg til å gå i barnehagen, og seier det er sjukt utan at foreldra kan sjå noko teikn til sjukdom.

-Barnet vil ikkje gå ut i barnehagen, men held seg nær den vaksne

-Barnet foretrekker å vera med barn som er betydeleg yngre

-Barnet knytter seg unormalt sterkt til ting eller dyr

-Barnet er trist og deprimert

-Barnet har gjentekne infeksjonar som kan tyde på nedsett immunforsvar

FORSLAG TIL FOREBYGJANDE ARBEID / KVA KAN VI GJERA FOR Å NÅ MÅLA?

- Kvar barnehage må ha tydelege verdiar som dei vaksne praktiserer, og må drive med systematisk observasjon av enkeltborn og bornegrupper.
- Jobbe målmedvite med sosial kompetanse (sjølvhevding, empati og rolletaking, prososial atferd, sjølvkontroll, leik, glede og humor) og måtar for problemløysing. T.d. rollespel.
- Sosial kompetanse og steg for steg som satsingsområde i alle barnehagane.
- Vektlegge vaksenrolla.. Dei vaksne må sjå og lytte til borna. Ei aktiv og tydeleg vaksenrolle er nødvendig. Passivitet er særskild uheldig.
- Vaksne sin observasjon og aktive deltaking i leiken er nødvendig for å oppdage eventuell utvikling av uheldige samspelemønster, gje den variasjon og nye impulsar
- Gje like mykje merksemd til alle borna
- Personale som er klar over det viktige med venskap og kompleksiteten i born sit samspel, som set tydelege grenser, kommuniserer godt med foreldra, som tek ansvar og arbeider aktivt for å skape eit miljø av venskap og sosial tryggleik.
- Auke kunnskapen om forebygging og handtering av mobbing i barnehagen blant personalet.
- Formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar
- Nært samarbeid mellom personalet og foreldra, og systematisk observasjon, og refleksjon over kvaliteten på det uformelle samspelet, slik at mobbing verken kan oppstå eller utvikle seg.

Tips og ideer (frå ped. leiar nettverk hausten 2009)

- Reglar i bhg om korleis ein er med kvarandre
- Dele borna inn i leikegrupper etter alder. Får då meir ro rundt seg og meir vaksenkontakt. - Den vaksne har meir oversikt over borna og er tilstades
- Varierte aktivitetar og gje nye utfordringar til borna i kvardagen er viktig for å ikkje kjede seg.
- Samtaler, lese bøker, teikne, rollespel, vise video, leikegrupper
- Konfliktløysing der målet er å ivareta begge partar, ikkje skape sydebukk og offer
- Skape eit miljø der det er akseptert å seie i frå, og at det vert teke på alvor (grensa mellom å fisle og sei i frå)
- Vera aktiv deltakande og tydeleg på kva adferd vi aksepterer.

EVALUERING

- Observere samspel born-born, vaksen-vaksen og born-vaksen. Sjå eigen sjekkliste, vedlegg 2.
- Samtalar med borna i små grupper om korleis dei har det i barnehagen.
- Diskusjonar på personalmøter og planleggingsdagar.
- Årleg evaluering av planen av personalet.



FORSLAG TIL LITTERATUR OG HJELPEMATERIELL SOM KAN BRUKAST

For dei vaksne:

- Barne- og familiedepartementet: Mobbing i barnehagen (eit hefte for deg som arbeider i barnehagen)
- Kari Lamer: Sosial kompetanse. Teoribok, handbok
- Myrna B. Shure : JEEP
- Berit Bae: Det interessante i det alminnelige
- Reidar Pettersen: Mobbing i barnehagen
- Jesper Juul: Det kompetente barn
- Jesper Juul: Fra lydighet til ansvarlighet
- Kari Pape: Fra ord til handling – fra handling til ord
- Steg for steg

For borna:

- Ole Marius Araldsen: Viggo Veps
- Tor Åge Bringsværd: Karsten liker å danse
Ruffen – sjøormen som ikke kunne svømme
- Gry Kappel Jensen og Sissan Richardt: Den gule katten
- Ulf Nilsson: Den lille gutten og løven
- Gun-Britt Sundstrøm: Gutten I supermanddrakten
- Else Færden: Den stygge drageungen
- Birgitta Stenberg: Billy og sinte Lotta
- Gunilla Bergstrøm: Albert og udyret
- Hvem kan redde Albert Åberg
- Egon Mathiesen: Katten med de blå øynene
- Mette Cecilie Newth: Lille Skrekk



TILTAKSPLAN NÅR MOBBING SKJER

Det skal skrivast referat frå alle møter. Sjå eige vedlegg. (Vedlegg 1.)

TILTAK	ANSVAR	GJENNOMFØRT Sign. og dato
1. Den som observerer mobbing, informerer dei andre tilsette. Ta det opp på personalmøte. Beskriv så konkret som mogeleg kva som har skjedd. Kva har barnet/borna gjort? Korleis har dei vaksne reagert ? Bli einige om tiltak vidare.	Alle	
2. Snakk med borna om det som har skjedd. Be borna komme med forslag til kva vi kan gjere vidare. Sammenfatt borna sitt forslag med det personalet har kome fram til.	Den som står borna nærast.	
3. Foreldra til den/dei som blir mobba og den/dei som mobbar blir informert og tekne med på råd (kvar for seg eller saman)	Pedagogisk leiar eller den av dei tilsette som står barnet/borna nærast.	
4. Evaluering av korleis det går etter 1 – 2 månader. Samtale med borna.		
5. Informasjon eller samtale med foreldra etter behov.		
6. Eventuelt vidare tiltak, som til dømes ta opp saka i HSP team		
7. Ny evaluering etter eit halvt år og eventuelt vidare tiltak.		

SKJEMA FOR MØTER VEDKOMANDE MOBBING I BARNEHAGEN

Skjemaet skal ligge i barnet si mappe (eventuelt kopi til føresette).

Dato:

Tilstades på møtet:

Kva saka gjeld	Tiltak

Dato for oppfølgjingsmøte:

Underskrift foreldra: _____

Underskrift personale: _____

SJEKKLISTER

Sjekkliste angående de voksnes forhold til barna:

- Er voksne anerkjennende og støttende overfor barnas egne initiativ, eller mer preget av å gi beskjeder, formidle egne tanker og å kontrollere at barna følger reglene som er satt?
- Blir alle barna lagt merke til, eller er det noen som alltid blir sett og hørt mens andre gjerne blir oversett?
- Er det slik at noen barn stadig får positiv oppmerksomhet, mens andre ofte er gjenstand for negativ oppmerksomhet? Med andre ord: Ser dere lett bare det positive ved enkelte barn og hovedsaklig det negative ved andre?
- Er det blitt et mønster i at det er lettere å tro på bestemte barns forklaringer på konflikter og hendelsesforløp enn på andres?
- Er det slik at alle de voksne tar initiativ til å snakke med og finne på ting med alle barna, eller er det de samme barna dere helst prater med, og de samme dere helst ikke spontant tar kontakt med?
- Har dere større tålmodighet med og evne til å følge opp enkelte barn, mens andre raskere blir avbrutt?
- Har de voksne bevissthet om forskjellen på humor og ironi?

Sjekkliste angående miljøet i barnehagen:

- Er miljøet preget av gjensidig omsorg, anerkjennelse og varme, eller preges det av mye erting og kritiske kommentarer til og om hverandre?
- Er miljøet i hovedsak inkluderende, eller preges det ofte av ekskludering av enkeltbarn?
- Er samspillet barna imellom preget av klare sosiale hierarkier, eller av likeverdighet og veksling av hvem som bestemmer og hvem som til enhver tid får være med?
- Er det en trygg og avslappet tone preget av humor, spontanitet, oppmuntring og glede over hverandres mestring, eller er miljøet snarere preget av prestasjonskrav og konkurrerende holdninger til hverandre?

Henta frå: Mobbing i barnehagen, Barne og familiedepartementet.

Bolk	Luster kommune: Handlingsplan mot mobbing. Årshjul	Barnehagen sitt:
Bolk 1	Vi har fokus på det med å helse på kvarandre og å seie takk for idag.	
Bolk 2	Kvar eining/avdeling snakkar om korleis vil vi ha det hjå oss? Samtaler med borna, om korleis vi skal vera mot kvarandre. Folkeskikk Snakke om dette på foreldremøte om hausten. Foreldresamarbeid.	
Bolk 3	Tema: Språkbruk. Korleis snakkar vi til kvarandre? Er det noko som ikkje er fint å seie til andre? Fokus på banneord.	
Bolk 4	Tema: Å vere vener. Vi har orden rundt oss.	
Bolk 5	Kroppsspråket er i fokus. Empati/medkjensle for andre.	
Bolk 6	Korleis er vi mot kvarandre? Kva er positivt i vår barnegruppe? Kva kan vi jobbe med?	
Bolk 7	Vi gjer noko kjekt ilag, og for kvarandre. Passe på at alle er innkludert.	